



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 13.04.2023  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18:00 - 21:30

Spørjetime. Politimeister og visepolitimeister ved Vest politidistrikt orienterte, samt Ungdomsrådet.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Inger Lise Brekke	H
Marita Terese Bru	BIA

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Renee Hansen Semmingsen	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Anne Hildegunn Færøy, Asbjørn Nagell Toft, Atle Vaage, Ingrid Bø Marøy, Ketil Tjore, Odd Harald Dommersnes, Trine Merete Jansen

---

Austrheim 20. april 2023

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
017/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/23	Godkjenning av møteprotokoll
019/23	Meldingar
020/23	Orienteringssak
021/23	Rullering av handlingsprogram, kommunedelplan for vann og avløp
022/23	Avtale om tenesteyting - Austrheim sokn
023/23	Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS
024/23	Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 - Godkjenning
025/23	Oppretting av ei arbeidsgruppe og ei prosjektgruppe for å redusera energiforbruket og for å få på plass meir energiproduksjon i Austrheim kommune
026/23	Framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim om Åsheim krins
027/23	BTI - modellen
028/23	Auke låneramme formidlingslån Husbanken
029/23	Nytt helse og omsorgstun - Prosjektmandat og framlegg til organisering av prosjekt
030/23	Oppnemning av styringsgruppe for nytt helse og omsorgstun og etterbruk av Nordliheimen
031/23	Austrheimmodellen - stipend, rekruttering og tilsettordningar
032/23	Spørjetimen i kommunestyret - 13. april 2023

## **017/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Morten Sognes (H) vart valt som varaordfører i dette møtet, sidan Inger Lise Brekke (H) hadde forfall.

Kommunalsjef Trine M. Jansen fungerte som kommunedirektør, sidan Bjørnar Fjellhaug hadde forfall.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 017/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **018/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 018/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **019/23: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 019/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

## **020/23: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Politimeister i Vestland Kaare Songstad orienterte om politiet sitt arbeid, mellom anna organiseringa etter politireforma, og arbeidet vidare. Saman med Songstad var politiet også representert ved politistasjonsmeister Kjell Idar Vangberg, og leiar for geografisk distriktsenhet (GDE) Jan Ludvig Fosse.

I forkant av kommunestyremøtet møtte dei tre frå politiet Ungdomsrådet i Austrheim, til ein prat kring utfordringar og ønskjer for framtida.

Ungdomsrådet i Austrheim orienterte om dei siste tala for bruk av ulike rusmiddel mellom ungdommar i Austrheim, alt frå alkohol til narkotiske stoff, men også snus og sigarettar, samt vaping. Ungdomsrådet oppfordra kommunen til å gjera ei ny undersøking på ungdomstrinnet og vidaregåande trinn (AVS), for å få oppdaterte tal på no-situasjonen. Ungdomsrådet etterlyste også meir førebyggjande arbeid, og at informasjonen må ut tidlegare for å svara på at debutalderen har gått ned.

Renee Hansen Semmingsen (Bygdelista) støtta ungdomsrådet i at informasjonen må ut tidlegare, og oppfordra til å gå inn alt i femte klasse.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Senterpartiet) sa at det nok er mykje større utfordringar for ungdommar i dag enn då han sjølv var ung.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om tilgangen, her svara ungdomsrådet at ulike ting nok er lett

tilgjengeleg for mange.

Reidar Øksnes (Sp) takka for presentasjonen frå ungdommane, og stilte spørsmål ved kva det kan føra til å avkriminalisera rusmiddel.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om ungdommane opplever at dei har personar å gå til dersom dei har spørsmål som dei synest er vanskelege. Her svara ungdomsrådet at det er for lite ressursar med helsesjukepleiar, i dag er helsesjukepleiar berre tilgjengelege to dagar på vidaregåande. Utanom er det litt avhengig av kven ein har til lærar, enkelte er lettare å snakka med enn andre.

Rikke Heldal Hope (H) takka for engasjementet frå ungdommane. Hope sa at det kan vera vanskeleg å henga med på kva som skjer mellom ungdommane, og spurte om kva ein kan gjera som forelder, kommunepolitkar og medborgar for å hjelpa på situasjonen. Her svara ungdomsrådet er informasjon og undervisning er viktig, både til elevar og vaksne. Ei undersøking mellom elevane kan hjelpa til at den informasjonen som vert gjeve ut er korrekt.

Britt Skålevik Lerøy (Ap) sa at det er viktig med opplæring, til ungdommar og til foreldre. Foreldra må bli inviterte, slik at dei kan bli kjente med miljøet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ungdommane må vera med og laga spørsmåla til den undersøkinga som skal gjerast, og fekk svar om at dei var med. Lerøy oppfordra ungdommane til å vera inkluderande, og ta vare på kvarandre.

Politistasjonssjef Kjell Idar Vangberg inviterte seg sjølv eller politikontakten inn i dei møta som ungdomsrådet har, for å sikra at det er ein dialog mellom ungdommane og politiet. Når det gjeld organiseringa etter politireforma viste Vangberg til at det no er mykje sterkare kompetanse i politiet, spissa på dei mange felta som politiet jobbar innanfor, også førebyggjande arbeid inn mot ungdommane. Vangberg sa at ungdommane er dei viktigaste i arbeidet, at dei tek vare på kvarandre og skapar haldningar slik at normalen er å ikkje bruka rus.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om elevtalet ved AVS, og fekk svar på direkten at det er 195 elevar. Ulvøy spurte om kvifor det er ikkje er helsesjukepleiar meir enn 1-2 dagar i veka, her svara ordførar Per Lerøy at det er den nasjonale norma. Kanskje ikkje nok, men etter norm.

Spørjetimen, eiga sak i protokollen.

Trine M. Jansen orienterte om MOT-arbeidet i skulen.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 020/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

#### **021/23: Rullering av handlingsprogram, kommunedelplan for vann og avløp**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Ønskjer å rullera handlingsplanen heller enn å laga ny VA-plan. Laga ei liste med prioriteringar, som vert politisk vedtaka.
- Kan ta inn vatn til Førland utan å laga ny VA-plan.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 021/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Einingsleiar Atle Vaage orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 021/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

---

### **022/23: Avtale om tenesteyting - Austrheim sokn**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg føre.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at det er vurdert gildskap for representantar som har verv i soknerådet, og at det er konkludert med at dei ikkje er ugilde.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 034/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg føre.

**13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 022/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg føre.

---

**023/23: Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

I medhald av Lov om havner og farvann (havne- og farvannslova) av 21.06.2019 § 33 vedtek Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

**23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 029/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

I medhald av Lov om havner og farvann (havne- og farvannslova) av 21.06.2019 § 33 vedtek Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

**13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 023/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

I medhald av Lov om havner og farvann (havne- og farvannslova) av 21.06.2019 § 33 vedtek Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

---

### **024/23: Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 - Godkjenning**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 vert godkjennt. Plankart er datert den 16.02.2023. ROS-analyse datert den 22.06.2022. Reguleringsføresegner er datert den 01.03.2023. Vegteikningar med plan- og profiltegning er datert den 04.07.2022 og planomtale den 01.07.2022. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

#### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Omfattar område for 15-20 nye bustader på nytt areal, i tillegg til fortetting og høgare utnytting for dei bustadtomtene som er store nok og har plass til det.
- Med pumpestasjon VA på plass kan det byggast nye bustader, og det kan utvidast på Austrheim vidaregåande skule.

Inger-Lise Brekke (H) sa at det er eit bra område for barnefamiljar med kort veg til skule. Bør flytta busstrafikken ut frå dette området tett ved skulen, her svara Toft at det ligg som rekkjefølgjekrav å flytta busshaldeplassen opp til området ved krysset mot fylkesveg 565. Her sa ordførar Per Lerøy at kommunen kan ta initiativ inn mot fylket for å få på plass ei ny løysing for bussane, og sjølv starta arbeidet med grunneigarane av dette arealet der ein ny busshaldeplass skal komma.

Helge Dyrkolbotn sa at det er vanskeleg i dag for bussane, som kan verta forseinka med den konsekvens at elevar til Fedje ikkje rekk ferja heim. Om dette sa ordførar Lerøy (Ap) at det er kommentert til Skyss at det bør vera korrespondanse mellom buss og ferje.

Morten Sognnes spurte om dei som må ha ny innkjøring, her svara Toft at det er ordningar for dette slik at grunneigarane skal kompensrast.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 030/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 vert godkjennt. Plankart er datert den 16.02.2023. ROS-analyse datert den 22.06.2022. Reguleringsføresegner er datert den 01.03.2023. Vegteikningar med plan- og profiltegning er datert den 04.07.2022 og planomtale den 01.07.2022. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

#### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**



Anne Dahle Austrheim (KrF) var ugild i denne saka, på grunn av slektning i opp- eller nedadgåande linje har hatt merknad til saka då den var på høyring.  
Avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.  
Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 024/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Detaljreguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001 vert godkjent. Plankart er datert den 16.02.2023. ROS-analyse datert den 22.06.2022. Reguleringsføresegner er datert den 01.03.2023. Vegteikningar med plan- og profiltekening er datert den 04.07.2022 og planomtale den 01.07.2022. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

---

### **025/23: Oppretting av ei arbeidsgruppe og ei prosjektgruppe for å redusera energiforbruket og for å få på plass meir energiproduksjon i Austrheim kommune**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune oppretter ei kommunal **arbeidsgruppe** som skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Målet er at planen skal leggjast fram for kommunestyret 22. juni 2023. Leiar i arbeidsgruppa er ordførar Per Lerøy. Atle Våge, leiar teknisk drift Stian Marøy, prosjektleiar vert medlemmer i arbeidsgruppa.

Austrheim kommune oppretter og ei politisk utnemd **prosjektgruppe** som skal kartlegga kva moglegheiter det er for bedrifter og privatpersonar til å produsera energi sjølv i kommunen. Gruppa skal også vurdera korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk. Gruppa skal også kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst. Gruppa bør ha som mål å gjennomføra ein ny **Energikonferanse** hausten 2023 der dette er tema. Leiar for miljø, plan og byggesak Asbjørn Nagell Toft, vert sekretær for prosjektgruppa. Dei politiske partia nominerer sine kandidatar inn i prosjektgruppa, dei treng ikkje vera politikarar.

Prosjektgruppa skal ha 5-7 medlemmer. Kandidatane skal meldast inn til valnemnda innan 28. mars, og valnemnda skal ha desse klare til møtedagen 2. mai.

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Tilleggsframlegg foreslått av: Per Lerøy

Prosjektgruppa skal ha 5-7 medlemmer. Kandidatane skal meldast inn til valnemnda innan 28. mars, og valnemnda skal ha desse klare til møtedagen 2. mai.

Avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det vart foreslege at ein skal få på plass kandidatar til arbeidsgruppe og prosjektgruppe no i løpet av april månad.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er tenkt at partia skal ha sine kandidatar, eller heilt utanom politikken. Her kommenterte ordførar Per Lerøy (Ap) at det gjerne kan vera kandidatar heilt utanom politikken, dette er ikkje partipolitisk men eit spørsmål om å finna engasjerte folk.

Reidar Ulvøy (Ap) oppfordra til å tenkja litt utradisjonelt, og vidare enn å ta i bruk vind og sol, samt energieffektivisering, kan ein sjå etter andre moglegheiter i regionen sidan det ligg til rette for å utnytta tidevass-straumar. Ulvøy oppfordra til samarbeid med Fedje kommune, og etablera anlegg for å fanga energien som ligg i havdønningane.

Reidar Øksnes (Sp) støtta framlegget frå Reidar Ulvøy om å satsa på tidevass-straumar. Øksnes spurte om prosjektgruppa bør vera klar til arbeidsgruppa er klar med sin rapport. For arbeidsgruppa oppmoda Øksnes om å få inn folk med kunnskap, som kan sjå litt framover.

Asbjørn Toft sa at det kan vera greitt å ha denne gruppa klar til kommunestyret sine møtedagar 2. og 3. mai. Viktig å få inn folk for brenn for dette temaet. Om prosjektgruppa og arbeidsgruppa sa Toft at dei er uavhengige av kvarandre.

Aslak Andre Bakke (H) oppfordra til at det vert satsa på å få inn kunnskapspersonar i desse gruppene.

Renee H. Semmingsen (Bygdelista) spurte om ein skal ha kandidatane klare til 2. mai eller tidlegare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er eit framlegg å senda namna inn til Ann Kristin Leirvåg som leiar av valnemnda, og så vert det lagt fram framlegg i møtet 2. mai.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak, med tillegg om at kvar gruppe skal ha 5-7 medlemmer, og at kandidatane skal meldast inn til valnemnda innan 28. mars, og valnemnda skal ha desse klare til møtedagen 2. mai.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 025/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune oppretter ei kommunal **arbeidsgruppe** som skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Målet er at planen skal leggjast fram for kommunestyret 22. juni 2023. Leiar i arbeidsgruppa er ordførar Per Lerøy. Atle Våge, leiar teknisk drift Stian Marøy, prosjektleiar vert medlemmer i arbeidsgruppa.

Austrheim kommune oppretter og ei politisk utnemnd **prosjektgruppe** som skal kartlegga kva moglegheiter det er for bedrifter og privatpersonar til å produsera energi sjølv i kommunen. Gruppa skal også vurdera korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk. Gruppa skal også kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst. Gruppa bør ha som mål å gjennomføra ein ny **Energikonferanse** hausten 2023 der dette er tema. Leiar for miljø, plan og byggesak Asbjørn Nagell Toft, vert sekretær for prosjektgruppa. Dei politiske partia nominerer sine kandidatar inn i prosjektgruppa, dei treng ikkje vera politikarar.

Prosjektgruppa og arbeidsgruppa skal kvar ha 5-7 medlemmer. Kandidatane skal meldast inn til valnemnda innan 28. mars, og valnemnda skal ha desse klare til møtedagen 2. mai.

---

## **026/23: Framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim om Åsheim krins**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet tilrår framlegg til avtale mellom Alver og Austrheim kommune vedkomande elevar som høyrer til "Åsheimkrinsen" i Alver kommune, som skal gå på Kaland skule.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Per Lerøy (Ap), Morten Sognnes (H) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa etter tur at det hadde tatt tid å få denne avtalen på plass, men at det ikkje har stått på Austrheim, og at det er bra at det no er i orden.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 032/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår framlegg til avtale mellom Alver og Austrheim kommune vedkomande elevar som høyrer til "Åsheimkrinsen" i Alver kommune, som skal gå på Kaland skule.

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Lise Renate Helle (Sp) spurte om alle som søker får den innvilga, og om dei må søka for kvart år.

Her svara kommunalsjef Trine M. Jansen at alle som søker får ja, og at det då vil gjelda ut barneskulen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 026/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår framlegg til avtale mellom Alver og Austrheim kommune vedkomande elevar som høyrer til "Åsheimkrinsen" i Alver kommune, som skal gå på Kaland skule.

---

## **027/23: BTI - modellen**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva kostnader det er utover den eine millionen som er gitt i støtte. Jansen svara at det ligg nokre andre ressursar som kan brukast, elles er det eigeninnsats frå dei ulike tenestene. Tek sikte på å tilsetta ein prosjektleiar over to år.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kva som skal skje etter at den toårige prosjektperioden er ferdig. Her svara Jansen at andre program, som De utrolige årene (DUÅ) blir implentert i dei andre tenestene ein har. Prosjektperioden på to år med ei eiga stilling skal sikra at denne ordninga vert implementert skikkeleg.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er samkjøring mellom tenestene som allereie er på plass, og spurte i samband med dette om korleis samarbeidet er inn mot dei interkommunale tenestene. Jansen svara at dersom dette arbeidet skal lukkast, så må samarbeidet med til dømes barnevernet fungera.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at dette skal innførast på ein måte som sikrar at det fungerer ut over perioden på to år. Om det er naudsynt, må ein eventuelt jobba det inn i økonomiplanen når denne perioden er over.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 033/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 027/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.

---

**028/23: Auke låneramme formidlingslån Husbanken**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek at ein tek opp 10 millionar kroner i startlån for 2023.

### **23.03.2023 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 036/23 - 23.03.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at ein tek opp 10 millionar kroner i startlån for 2023.

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 028/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at ein tek opp 10 millionar kroner i startlån for 2023.

---

## **029/23: Nytt helse og omsorgstun - Prosjektmandat og framlegg til organisering av prosjekt**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til prosjektmandat og forslag til organisering slik det føreligg.
2. Kommunestyret sluttar seg til at det nye Levekårsutvalet får i oppdrag å vere styringsgruppe for prosjektet, og at det vert sett ned ei midlertidig styringsgruppe fram til utvalet er etablert
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å etablere prosjektgruppe og utarbeide gjennomføringsplan med milepælar
4. Kommunestyret sluttar seg til at mandat og organisering av arbeidet med etterbruk av Nordliheimen vert utsett til interessent- og behovsanalyse er gjennomført, og det er avklara kva tenester som skal lokaliserast i det nye helse og omsorgstunet

### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Renee Hansen Semmingsen (Bygdelista) spurte om det er mogleg å søka om støtte til nytt helse- og omsorgstun. Her svara Anne Hildegunn Færøy at det er tilskotsordningar til bygging frå Husbanken,

men det er litt lengre fram.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om tilskotsordningar at det er viktig å sjå kva type rom det mogleg å få støtte til, og at ein bygger det som gjev best tilskot.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 029/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til prosjektmandat og forslag til organisering slik det føreligg.
2. Kommunestyret sluttar seg til at det nye Levekårsutvalet får i oppdrag å vere styringsgruppe for prosjektet, og at det vert sett ned ei midlertidig styringsgruppe fram til utvalet er etablert
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å etablere prosjektgruppe og utarbeide gjennomføringsplan med milepælar
4. Kommunestyret sluttar seg til at mandat og organisering av arbeidet med etterbruk av Nordliheimen vert utsett til interessent- og behovsanalyse er gjennomført, og det er avklara kva tenester som skal lokaliseras i det nye helse og omsorgstunet

---

#### **030/23: Oppnemning av styringsgruppe for nytt helse og omsorgstun og etterbruk av Nordliheimen**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til framlegg til å setja ned politiske styringsgrupper for:

1. Planlegging og etablering av nytt helse- og omsorgstun
2. Etterbruk av Nordliheimen

Framlegg til kandidatar skal utpeikast av den politiske valnemnda.

Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å utarbeide prosjektmandat med forslag til organisering av arbeidet for dei to prosjekta.

Prosjekta skal planleggast og gjennomførast i samsvar med kommunen sitt *prosjektreglement*.

#### **23.02.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef for helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Inger Lise Brekke (H) spurte om den vidare organiseringa av prosjektet, og fekk svar av kommunalsjef Færøy og kommunedirektør Fjellhaug om at det er tenkt å laga politiske styringsgrupper, der samansetnad og tal medlemmer skal fastsettast av politikarane sjølve. Vil ha arbeidsgruppe med

politikarar for å sikra ei god politisk forankring av prosjektet. Den politiske styringsgruppa kan berre ha medlemmer frå gruppa av folkevalde.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er mest fornuftig å venta med desse politiske styringsgruppene til etter at prosjektmandatet er klart, her sa kommunedirektør Fjellhaug at det er meininga at prosjektmandatet skal komma til kommunestyret 13. april. Lerøy repliserte at det var ein god plan.

Helge Dyrkolbotn (KrF) oppmoda til at valnemnda vart innkalla for å setta arbeidet i gang, her svara Lerøy at beskjeden allereie er gitt.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 022/23 - 23.02.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til framlegg til å setja ned politiske styringsgrupper for:

1. Planlegging og etablering av nytt helse- og omsorgstun
2. Etterbruk av Nordliheimen

Framlegg til kandidatar skal utpeikast av den politiske valnemnda.

Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å utarbeide prosjektmandat med forslag til organisering av arbeidet for dei to prosjekta.

Prosjekta skal planleggast og gjennomførast i samsvar med kommunen sitt *prosjektreglement*.

#### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Denne saka utgjekk, innhaldet var inkludert i sak 029/23.

#### **KS - 030/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

---

#### **031/23: Austrheimmodellen - stipend, rekruttering og tilsettordningar**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre vedtek «Austrheimmodellen – stipend, rekruttering og tilsettordningar» vert vedteken slik han ligg føre. Austrheimmodellen vert gjort gjeldande frå 01.05.2023 og skal evaluerast etter 2 år, i løpet av 2025.

#### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiing med

vedlegg. Åtvara mot å satsa på å rekruttera ved å gje økonomisk støtte, bør heller jobba langsiktig med å rekruttera mellom dei som er studentar i dag.

Helge Dyrkolbotn (KrF) oppmoda til å tenkja på at det også må vera ei stilling tilgjengeleg for ein partner, for dei som er sjukepleiar og har partner som ein bør få med til Austrheim. Her svara Dommersnes at ein må ta med seg alle ledige stillingar, både i Austrheim og Alver.

Dommersnes sa vidare at ein med denne modellen jobbar langsiktig, mot ungdommar og studentar.

Anne Dahle Austrheim (KrF) oppmoda til å ta kontakt med elevar som går ut av Austrheim vidaregåande, for å halda dei i kommunen under sommarjobbar, med meir.

Renee Semmingsen (Bygdelista) spurte kva ein kan gjera for å halda på nytilsette vidare etter bindingstida, og spurte om ein kan gje påskjøningar såvel etter fem år som etter 20 og 30 år.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at Hjelmeland kommune har hatt gode resultat, det er Hjelmeland ein har sett til i arbeidet med denne modellen.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om modellen gjeld også barnehagelærar, og fekk det stadfesta.

Aslak Andre Bakke (H) sa at det er bra med evaluering etter nokre år slik det er sett opp.

Helge Dyrkolbotn (KrF) oppmoda til å halda liv i dei markeringane ein har hatt etter 30 år eller liknande, og sa vidare at det er bra å setta pris på dei tilsette i det daglege.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes sa at det er sett opp ei markering 12. mai for jubilarar og andre, invitasjonane til desse går ut i dei næraste dagane.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak, og kommenterte at det er bra at dette no har namnet Austrheimmodellen.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 031/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtek «Austrheimmodellen – stipend, rekruttering og tilsettordningar» vert vedteken slik han ligg føre. Austrheimmodellen vert gjort gjeldande frå 01.05.2023 og skal evaluerast etter 2 år, i løpet av 2025.

---

#### **032/23: Spørjetimen i kommunestyret - 13. april 2023**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret tok spørsmål og svar frå spørjetimen til orientering.

#### **13.04.2023 KOMMUNESTYRET**

Renee H. Semmingsen (Bygdelista) refererte det spørsmålet som var sendt inn i forkant av møtet, om:

*Ulovleg deponi og massehandtering*



*Bygdelista i Austrheim er kjent med at kommunen har under handsaming tre tilfelle av ulovlege tiltak utført av same entreprenør.*

*Bygdelista bed om status for kommunen si oppfølging av:*

- 1. Ulovleg deponering av usortert avfall inkl. svartelista art i Dyrneskrysset.*
- 2. Ulovleg massetak og utkøyring av masse i Heiane inkl. ulovleg anlegg av veg i Austrheimfeltet.*
- 3. Ulovleg massetak på kommunal eigedom i Leirvågkrysset.*

*Renée Semmingsen*

*Bygdelista i Austrheim*

Semmingsen sa vidare at kommunestyret vart av ordføraren lova fyllestgjerande informasjon i det neste kommunestyremøtet 16.02.23, men saka var utegløynt og stod ikkje på dagsorden. På sparket tok likevel kommunedirektøren ei kort orientering, men ikkje fyllestgjerande. Det galdt i sær om det ulovlege tiltaket i Leirvågkrysset, men óg dei to andre tiltaka.

Bygdelista bed om at det i spørjetimen i kommunestyremøtet 13.04.23 vert gjeve fyllestgjerande informasjon om alle dei tre ulovlege tiltaka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at sjølv om spørsmålet er stilt til han, så er det kommunedirektøren som i protokollen er sett opp til å svara på dette. Lerøy svara vidare at etter handsaminga i kommunestyret tidlegare i 2023 tok vedkommande tiltakshavar kontakt med kommunen, av di han kjenner seg urettvis handsama. Det har vore to møte mellom tiltakshavar og kommunedirektøren, der ordførar deltok. I samband med dette har det vore synfaring i Austrheimmarka der landbrukskontoret deltok, og ordførar kjenner seg ikkje overtydd om at det er tale om ulovlege tiltak på dei ulike stadane. Kjenner på usikkerheit om den kommunale handsaminga i ulike saker opp mot denne tiltakshavar. Det som var sagt frå landbrukskontoret, var at tiltakshavar må vera tidleg nok ute med søknader for dei tiltak som han skal i gang med.

Renee H. Semmingsen (Bygdelista) viste til at det er sett vilkår om at det ikkje skal kjørast ut massar frå Austrheimmarka, det har skjedd, men rett nok ikkje dei siste vekene. Sa vidare at vegen som er bygd er for brei. Håpar kommunedirektøren følgjer opp dette vidare.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at landbrukskontoret si tilbakemelding om vegane er at det er ei mogleg løysing at vegbreidda vert skoten ut breiare og så vert skråningane lagt igjen med jord for å gjerast til eit meir naturleg beiteland. Ser kanskje ikkje så bra ut no, men det som er ferdigstilt ser mykje betre ut enn der som ein jobbar no. Trur dette vert bra til sjuande og sist for tiltakshavar, turgårar og andre. Veit at det er kjørt ut stein som ikkje skulle vore kjørt ut, men noko av dette vart brukt til ein landbruksveg ein kilometer unna som det var gitt løyve til. Ordførar meiner det er gjort feil frå både kommunen og tiltakshavar, begge partar må skjerpa seg og vera meir ryddige.

Aslak André Bakke (H) sa at denne saka bør løysast på eit anna nivå enn i dag. Trur ikkje kommunen er tent med korleis denne saka står i dag med omtale i avisene. Oppfordra til at ein løyser saka og kjem vidare, heller enn å bruka meir tid og ressursar på dette framover.

Etter dette vart debatten stoppa, sidan det etter reglementet ikkje er høve til å ha debatt om emne frå spørjetimen.

Monika Thorpe (Ap) spurte om bemanning og bemanningsutfordringar i kommune. Der både skule, barnehage og pleie/omsorg har utfordringar med å skaffa kvalifiserte søkarar. Mellom anna for sjukepleiarar er det stor mangel, og kva tenker så administrasjonen om bemanning ved Nordliheimen no fram mot ferietid. Det er både sjukefråvær og vakante stillingar.

Thorpe hadde tre konkrete spørsmål:

1. *Kva tenker administrasjonen i forhold til bemanningssituasjonen i Pleie og Omsorg, då særleg med tanke på Nordliheimen, når det no går mot ferieavvikling? I PLOMS er det høgt sjukefråvær og fleire vakante stillingar, mange sjukepleiarstillingar.*
2. *Korleis stiller administrasjonen seg til bruk av vikarbyrå?*
3. *Tankar rundt økonomiske kostnader ved bruk av vikarbyrå kontra fysisk/psykisk slitasje på dei som opplever meirarbeid pga. stort fravær?*

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy svara på spørsmåla frå Thorpe: Rekrutterer greitt for helsefagarbeidarar, men slit for sjukepleiarar. Fram mot ferietida vert dette utfordrande å løysa, dette er noko som vert diskutert jamleg med einingsleiarane for å ta opp moglege løysingar både på kort og lang sikt. For rekruttering har ein lyst ut via dei vanlege kanalane utan å få søknader, og vil no ta kontakt med ulike høgskular for å rekruttera dei som er ferdige med utdanninga eller undervegs i utdanningsløpet. Om vikarbyrå sa Færøy at det er veldig kostbart, og krev opplæring. Må uansett finna ei løysing fram mot sommaren.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunestyret tok spørsmål og svar frå spørjetimen til orientering.

**KS - 032/23 - 13.04.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret tok spørsmål og svar frå spørjetimen til orientering.

---